# Office 365

*Introduksjon til 1.-4. trinn*

I Lustraskulen brukar me den digitale læringsplattforma Office 365. Her kan me produsere tekstar, løyse oppgåver, dele og halde kontakten med kvarandre. Me brukar Feide-innlogging (vanleg brukarnamn og passord) til å logge oss inn og får då tilgang til mange ulike program. Her er ei oversikt over nokre av funksjonane ein finn i Office 365 som er relevant for elevane:




Alle trinn har opplæring i nettvett. På skulen vår skal dei **ta ansvar, vise omsorg og ha respekt** også digitalt.

På Hafslo barne- og ungdomsskule brukar me mellom anna desse programma:



| | |
|---|---|
| **OneDrive**<br>• Eit skylagringsprogram | OneDrive |
| Her kan me opprette mapper og filene våre blir automatisk lagra | 4. klasse |
| Organisere innhaldet etter fag. | Filer > 4. klasse<br>Navn<br>DATA<br>Engelsk<br>KRLE<br>Matte<br>Naturfag<br>Norsk<br>Samfunnsfag |
| I mappene kan me legge inn desse filtypane | Word-dokument<br>Excel-arbeidsbok<br>PowerPoint-presentasjon<br>OneNote-notatblokk<br>Forms for Excel<br>Kobling |
| Men det er nok Word me har aller mest bruk for. | Word-dokument |




| | |
|---|---|
| **Teams**<br>• Kommunikasjon og samarbeid | Teams |
| Elevkulla er delt inn i kvart sitt team. | <br>**HBUS Elevkull 2010** |
| Me brukar desse funksjonane i teama:<br><br>Det finst også Klassenotatblokk (OneNote). Det vil bli brukt etter kvart som elevane blir eldre. | 1. Innlegg<br>2. Filer<br>3. Oppgåver |
| 1. Innlegg | Eit samtalevindauge der lærarar gjev ut informasjon til alle i teamet. Elevar kan eit skrive svar (kommentere) eller trykke på «tommel opp».<br><br>↩ Svar<br><br> |
| 2. Filer | Skylagring av filer. Her kan lærarar legge ut dokument/PowerPoint/videoar til heile klassen. Alle i teamet kan sjå desse filene. |
| 3. Oppgåver | Ein funksjon der lærarar kan legge ut oppgåver som elevane skal jobbe med og levere inn. Det er også mogleg å få tilbakemelding på oppgåvene sine direkte i denne funksjonen. |




| | |
|---|---|
| I tillegg har Teams ein chat-funksjon. |   Denne kan me bruke til å kommunisere ein-til-ein lærar og elev, eller i gruppe laga av læraren. Sjå eigne reglar for bruk av chat. |
| Chat har desse vala: | 1. Kommunikasjon med tekst:   2. Kommunikasjon med lyd (ringe):  3. Kommunikasjon med lyd og bilete (videosamtale):  |

Hafslo, 31.01.2020